



16-1042 grafisk sentral@vegvesen.no

# Vegdirektørens pris for VAKRE VEGER

**Statens vegvesen inviterer kommunane og fylkeskommunane til å foreslå heile eller delar av eit veg- eller gateanlegg som fortener «Vegdirektørens pris for vakre veger».**

Prisen er ein heiderspris for anlegg med gode estetiske kvalitetar tilpassa omgjevnadene. Det kan vere vegar, gater, bruar, tunnelar eller tilhøyrande anlegg og utstyr.

Anlegget må vere ein del av det offentlege vegnettet. Det er ein føresetnad at kvalifiserte prisobjekt er heilskapleg utforma i høve til omgjevnadene og fungerar godt med tanke på trafikktryggleik, framkomst, teknologi og drift og vedlikehald.

## To priser

Det skal delast ut to priser; ein pris til eit nyare anlegg, og ein pris til eit anlegg som framhevar seg når det gjeld drift og vedlikehald. Både eit vakkert nyare anlegg og eitt kor år har vist at anlegget har eldest med verdigheit skal heidrast.

Stikkord for drift og vedlikehaldsprisen kan vere; anlegg som har eit vedlikehald i tråd med intensjonane ein hadde

i planlegginga. Vidare kan strategiar for drift og vedlikehald som ivaretake reiseoppleveling, landskapskvalitetar og kultivering av eksisterande kvalitetar som får fram det vakre i kvardagslandskapet vere aktuelle.

## Uavhengig fagjury

Prisvinnarane vert utpeikt av ein uavhengig fagjury. I tillegg til vegdirektøren, består juryen av eit jurymedlem frå Norske landskapsarkitektars foreining, Norske arkitektars landsforbund, Teknisk-naturvitkapelege foreining (TEKNA), Norges teknisknaturvitkapelege universitet (NTNU), Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU), Riksantikvaren og Kunst i offentlige rom (KORO).

## Frist for å sende inn forslag er 23. mai.

Skjema for innsending av forslag ligg på:  
[vegvesen.no/vakreveger](http://vegvesen.no/vakreveger)

Forslag og dokumentasjon av anlegget, fortrinnsvis foto, kan også sendast pr. post til:  
Statens vegvesen Vegdirektoratet,  
postboks 8142 Dep, 0033 Oslo.  
Merk sendinga: Vakre vegers pris 2016.



**Statens vegvesen**